

Føremål

Dette dokumentet gjer deg nøkkelinformasjon om investeringsproduktet. Det er ikkje meint som marknadsføringsmateriell. Informasjonen er lovpålagd for at du skal forstå risiko, kostnader, potensiell gevinst og tap forbundet med dette produktet. Det skal og kunne brukast til samanlikning med andre produkt. Dokumentet beskriv dei generisk risiko ved PRIIP (samansette og forsikringsbaserte investeringsprodukt) som du kanskje vurderer som ei finansiell investering, slik at det kan samanliknast med andre produkt. Dei spesifikke vilkåra for produktet blir angitt i stadfestinga ved inngåing av produktet.

Produkt

PRIIP betelkning:	OTC (unotert) – Rentebyteavtale
Namnet på utstedar:	Sparebank 1 Sogn og Fjordane
Kontaktnummer for utstedar:	940 04 755 (Meklarbordet)
Reguleringsmyndigheit:	Finanstilsynet
Produksjonsdato:	24.09.2024

Åtvaring

Du er i ferd med å kjøpe eit avansert produkt som kan være vanskeleg å forstå.

Kva slags produkt er dette?
OTC (unotert) – Rentebyteavtale

Målsettingar

Produktets hensikt er å byte flytande rentebetalingar til faste rentebetalingar, eller omvendt. Dette skjer på datoar som er bestemt på førehand, frå avtalen sin start til slutt. Du kan anten motta ei flytande rentesats, mot å betale ei fast rentesats, eller omvendt.

Kontrakta sitt nominelle beløp brukast til å berekne rentebetalingane. Det er ingen utveksling av hovudstol i høve til avtala.

Den faste rentesatsen blir fastsett den dagen avtala blir inngått. Den flytande renta fastsettest med faste intervall i, avtalt ved inngåing av kontrakt (typisk tre månadar).

Dersom den flytande renta er høgare enn den faste renta (kunde betaler fast), vil kunde ta i mot eit høgare beløp enn den betalar (positiv kontantstraum). Er den flytande renta lågare enn den faste renta vil kunden betale meir enn den mottar (negativ kontantstraum). Om ein rentesats skulle være negativ, betaler/mottar den som mottar/betalar det tilsvarande rentebeløpet i staden dette beløpet.

Vilkåra under viser vilkåra for ein rentetermin, men er ikkje de eksakte vilkåra du inngår med Sparebank 1 Sogn og Fjordane. Dei nøyaktige vilkåra kjem fram i ei handelsstadfesting.

I avtale mellom deg og Sparebank1 Sogn og Fjordane er det spesifisert at om nokon type hendingar skulle inntreffe kan SSF justere, eller avslutte produktet før forfall. Avkastninga du mottar ved ei slik tidleg justering/avslutning vil sannsynlegvis være forskjellig frå den du mottar i tilfella beskrive over.


Startdato	Spot (t + 2)
Sluttdato	10 år
Du betaler	Fast rente act/360, kvartalsvis
Valuta	NOK
Kontraktsbeløp	100.000
Avdrag i Swap	Valfritt (avdrag med 100 prosent sikring)

Tiltenkt ikkje-profesjonelle kundar

Dette produktet er tiltenkt ikkje-profesjonelle kundar som ønsker å sikre renterisiko. Kunden mottar eit variabelt beløp, og betaler fast beløp. Ved stigande flytande rente vil det det variable beløpet kunde mottar auke, og ved fallande flytande rente vil beløpet minske.

Periode

Kor lenge avtalen skal vare blir bestemt av kor lenge kunden ynskjer å sikre sitt underliggende lån (deler eller heile). Kor lenge blir bestemt før avtaleinngåinga.



Risikovurdering av produktet (1-7)

Risikovurderinga av produktet er gjort med omsyn til at kunden beheld produktet til forfall (kontrakta si levetid). Den viser kor sannsynleg det er at produktet vil tape pengar på grunn av endringar i marknaden, eller fordi kunde ikkje kan gjere opp for seg. Vi har kategorisert dette produktet som høgast risiko, sju av sju. Dette produktet inneberer ingen beskyttelse mot framtidig marknadssvikt, slik at du kan miste deler av, eller heile investeringa. Om vi ikkje er i stand til å betale deg det vi forpliktar, kan du miste heile investeringa.

Er dette produktet knytt til eit anna produkt, vil risikoprofilen kunne endre seg

Utfall ut frå forskjellige hendingar: Avslutning etter:

Stress situasjon	Mogleg avkastning e/ kostnader	-12.986	-30.974	-35.506
	Gjennomsnittleg avkastning e/kostnader	-12,99%	-6,19%	-3,55%
Ugunstig situasjon	Mogleg avkastning e/ kostnader	-10.620	-27.784	-32.000
	Gjennomsnittleg avkastning e/kostnader	-10,62%	-5,56%	-3,20%
Moderat situasjon	Mogleg avkastning e/ kostnader	-2.654	-13.551	-22.418
	Gjennomsnittleg avkastning e/kostnader	-2,65%	-2,71%	-2,24%
Gunstig situasjon	Mogleg avkastning e/ kostnader	5.717	6.535	-8.133
	Gjennomsnittleg avkastning e/kostnader	5,72%	1,37%	-0,81%

Sparebank 1 Sogn og Fjordane nyttar dette produktet som eit sikringsprodukt, og ikkje som eit investeringsprodukt. Med det meinaste at produktet skal knytast til eit underliggende lån, i denne banken, eller (unntaksvis) i ein anna bank (anna låneinstitusjon).

Tabellen viser avkastningar du kan oppnå dei neste 10 åra, gitt forskjellige hendingar.

Kva skjer om SSF ikkje kan stå inne for sine forpliktingar?

Produktet er ikkje underlagt juridiske eller andre innskotsforpliktingar, eller andre formar for garantiar. Det betyr at om SSF ikkje er i stand til å gjere opp for seg, grunna insolvens eller andre årsaker, kan alle forventa utbetalingar gå tapt.

Kva kostnader er det knytt til produktet?

Kostnader over tid	Innløysing etter 1 år	Innløysing etter 2 år	Innløysing forfall
Samlede kostnader	NOK 721	NOK 721	NOK 721
Innverknad på avkastning pr. år	3,61%	2,16%	0,72%

Samanstilling av kostnader:

Tabellen under viser årleg innverknad dei ulike typar kostnader vil ha på investeringsavkastninga du kan få ved slutten av den anbefalte kontraktsperioden, samt betydning av dei ulike kostnadskategoriane.

Teikning (årlege kostnader ved å nytte produktet)	0,15 prosent
Avslutning (administrasjonsgebyr)	?
Løpande kostnader	Ingen
Vilkårlege kostnader	Ingen

Produktet sine kostnader er ein konsekvens av kontraktens følsomheit for rentenivåer, samt kreditt-, finansierungs- og kapitalkostnader. Kostnader blir opplyst kunde og kan avvike med omsyn på kunde og vil bli spesifisert når tilbodet er presentert til kunde. Det kan påløpe eit etableringsgebyr.

Kor lenge bør eg behalde investeringa og kan den avsluttast før forfall?

Produktet er laga for å behaldast til forfall. Ved sal av objekt kan produktet følgje med, eventuelt kan det innløyast hos SSF (det forutset då at det ikkje er stilt krav til sikring av SSF). Ved avslutning av avtale før forfall kan det påreknast termineringsgebyr.

Korleis kan du klage?

Sparebank1 Sogn og Fjordane sin prosedyre for klagebehandling er tilgjengeleg på www.ssf.no

Klager på produktet, handtering av representant for SSF (den som rådgjer eller presenterer produktet) rettes til Sparebank 1 Sogn og Fjordane. Sjå meir informasjon på www.ssf.no

Ved mottak av klage vil bankens klageinstans informere om forventa behandlingstid, og moglegheiter til å få vurdert din klage av ein klageinstans. Du vil informerast skriftleg om utfallet av klagen. Om du ikkje aksepterer utfallet, vil det begrunnes skriftleg.

Du har rett til å klage på vedtaket til Verdipapirforetakenes Etske Råd (www.vpff.no) eller i Finansklagenemnda (www.finkn.no).

Anna relevant informasjon

Produktet sine kostnader er ein konsekvens av kontraktens følsomheit for rentenivåer, samt kreditt-, finansierings- og kapitalkostnader. Kostnader blir opplyst kunde og kan avvike med omsyn på kunde og vil bli spesifisert når tilbodet er presentert til kunde. Det kan påløpe eit etableringsgebyr.